



HJELMELAND
KOMMUNE

Saksframlegg

«Beskrivelse»

«Paragraf»

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Flem, Camilla Haug	K1 - 400	14/2329

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
063/18	Formannskapet	PS	11.09.2018

Rekrutteringstiltak sjukepleiarstudentar

Forslag til vedtak:

Hjelmeland kommune innfører ei stipendordning for sjukepleiarstudentar mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst eitt år. Ordninga inneber arbeid kvar tredje helg, samt minimum 4 veker i sommarferien. Arbeidet vil gje ei månadleg lønnskompensasjon på kr. 2 000,-, totalt kr. 24 000,- pr. år.

Hjelmeland, den 06.09.2018

Wictor Juul
Rådmann

Formannskapet - 063/18

FSK - behandling:

Behandling:

Forslag til sak 063/18, foreslått av Apeland, Kjell, <tittel>

Endre til kr. 4000,- i lønnskompensasjon pr. måned, samt til minimum 6 veker arbeid i sommarferien.

Under behandlinga påpeikte rådmannen at ei dobling av lønnskompensasjonen kan føra til at ein ikkje klarar å dekkja tiltaket innafor vedteke budsjett.

Røysting:

Under røystinga vart forslag frå rådmannen sett opp mot endringsforslag frå Apeland/H:

Forslag frå rådmannen: Fekk 1 røyst (Hauge/AP) og falt

Forslag frå Apeland/H: **Vedteke** med 8 røyster (H, Krf, SP, V, Gil Westersjø/AP)

FSK - vedtak:

Hjelmeland kommune innfører ei stipendordning for sjukepleiarstudentar mot at dei bind seg til å



HJELMELAND KOMMUNE

arbeida for kommunen i minst eitt år. Ordninga inneber arbeid kvar tredje helg, samt minimum 6 veker i sommarferien. Arbeidet vil gje ei månadleg lønnskompensasjon på kr. 4 000,-, totalt kr. 48 000,- pr. år.

Saksopplysninger:

Samandrag

Rådmannen legg fram sak med forslag til stipendordning for sjukepleiarstudentar for å sikre nok kompetanse innfor helse og omsorg.

Fakta

Rekruttering av sjukepleiarkompetanse innen helse og omsorg er svært vanskeleg. Som ein del av kommunens rekrutteringstiltak vil ein ha ei ordning som gir ekstra betaling/ stipend for sjukepleiarstudentar som ønskjer å inngå ein 1-årig avtale med moglegheit for forlenging under studietida. Ved å inngå avtalen forpliktar studentane seg til:

Arbeid kvar tredje helg, samt minimum 4 veker i sommerferien. Arbeidet vil gi ein månadleg lønnskompensasjon på kr. 2000 pr. mnd, dvs. totalt kr. 24000 pr. år.

Stavanger universitetsjukehus (SUS) har tatt i bruk same rekrutteringstiltak som foreslås her.

Økonomiske konsekvensar

Ordninga vil kunne dekkast innfor årets budsjett på helse og omsorg. For kommande år vil kostnadane bli innarbeidd i budsjettet.

Innkomne uttalar

Saka vert behandla i AMU 6.9.2019. Det vart der uttalt at årleg beløp bør aukast til kr. 26 000,-. I tillegg bør kommunen stille gratis bopel i arbeidsperioden (dei dagane studentane er på jobb).

Vurdering og konklusjon

Mangel på sjukepleiarkompetanse er eit nasjonalt problem. I Hjelmeland kommune vil fleire sjukepleiare gå av med pensjon i løpet av dei neste 5 åra. For å rekruttere ny kompetanse vil kommunen nå ta i bruk stipendordning for sjukepleiarstudentar som ønskjer å binde seg til å jobbe i kommunen under studiene. Dette må ein gjera for å halda seg konkurransedyktige med til dømes SUS.